

Irsk påskestemning på Dønhaug

22.03.2008



"The Foggy Few" fekk stemninga raskt i taket i Dønhaugkjedlaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Har du vore i Temple Bar-området i Dublin og opplevd pubstemninga som med sin musikalske intensitet truleg saknar sidestykke i verda? Dei som kom i Dønhaugkjedlaren langfredagskvelden opplevde noko av det same, Kjellaren var fylt til absolutt siste plass.

Det er ikkje tvil om at Magne Huglen hadde fått minst dobbelt så mange gjester denne kvelden hvis han hadde opna låven og temperaturen der hadde vore akseptabel.

Det Bergen-baserte bandet "The Foggy Few" presenterer fengande folk-rock på høgt irsk nivå og gjestene lot seg riva med i ein grad som ein på førehand ikkje trudde var mogeleg i Uskedalen. Stemninga var ikke berre høg. Den var eksplosiv, utan at nokon tok skade av det!

"The Foggy Few", som no har fem år bak seg som gruppe, var på Dønhaug i påska også for to år sidan. Men sidan har dei lagt fleire alen til sin vekst og det er høgst forståeleg at bandet har stor suksess når dei turnerer landet på kryss og tvers. Då dei kom med debutalbumet sitt for to år sidan skreiv Dagbladet at dei fem gutane hadde teke sjangaren på kornet og presterte festmusikk som svinga på plate, men sikkert enda meir live.

Det er så sant som det er skreve. Dei spelar med utruleg intensitet og presisjon. Det svingar i ein grad som ein sjeldan opplever i det norske, musikalske miljøet. No er det neste albumet til bandet på gang, sjølv om det har vorte noko forseinka.

Det er all grunn til å glede seg til denne utgjevinga og det er også all grunn til å håpo at "The Foggy Few" i Dønhaugkjedlaren blir ein fast påske-tradisjon!

Av Ola Matti Mathisen



"The Foggy Few" består av (frå venstre) Håkon Askeland, Lars Topho Nordtveit, Atle-Hjørn Øien, Kjetil Bjørnevoll og Stig Bruhjell. (Foto: Ola Matti Mathisen)